
Fra: Hilde Bringsvor Skinnes på vegne av Postmottak Herøy
Sendt: 8. september 2020 08:43
Til: Hilde Bringsvor Skinnes
Emne: Vedrørende kommunestyre sak om forskottering av deponi i indre hamn.

Fra: Trond Arne Aglen
Sendt: 7. september 2020 16:14
Til: 'Carl-Henrik Myrseth Moltumyr' <moltumyr.ch@gmail.com>
Kopi: Bjørn-Halvor Prytz <bjorn-halvor.prytz@heroy.kommune.no>; post@heroy.kommune.no; redaksjon@vestlandsnytt.no; Bjørnar Torvholm Sævik <bjornar@vestlandsnytt.no>; arne.flatin@nrk.no; karl-oskar.saevik@fpu.no; christian@gollenes.no
Emne: SV: Vedrørende kommunestyre sak om forskottering av deponi i indre hamn.

Hei Carl-Henrik,

Viser til din mail av 3.september vedkommande kommunestyre sak om forskottering av deponi i indre hamn.

Til orientering, så er vedtaket frå kommunestyret alt ekspedert. Kystverket ved Jarle Strand blei orientert om vedtaket pr. mail 1. september og sjølve saka blei sendt pr. brev 3. september.

Når det gjeld punkta som ein ønsker sjekka ut meier eg at dette alt var tatt høgde for i saksframstillinga.

Pkt 1: Når det gjeld innspelet rundt delfinansiering av kapitalkostnader frå Møre og Romsdal fylke jamfør sak Deponi-Giske kommune, så hadde administrasjonen sjekka opp dette, noko Andreas Nørve orienterte kommunestyret om i sin innleiing i handsaminga av saka. Nørvåg orienterte om at administrasjonen hadde vore i kontakt med fylkeskommunen, ved sakshandsamer, som var positiv til å ha dialog med også Herøy om vår utdjuvningssak.

Til orientering så hadde Giske kommune bedt om dekking av 1/3 av finansieringsutgiftene i prosjektperioden – noko som for dei utgjer kr 2,5 million. Tilsvarende vil vert kr 1,2 million for Herøy kommune, som vil vert kr 400 000 mindre per år i driftsutgifter i anleggsperioden. Innstillinga frå fylkeskommunedirektøren er at fylkeskommunen er positivt til ein dialog med Giske kommune. Vi har hatt dialog med saksbehandlar Lisbeth Nervik hos fylkeskommunen og ho er positiv til ein dialog med Herøy kommune knytt til Fosnavåg hamn – uavhengig av resultat i saka som no er behandla i kommunestyret. Vi har avtalt møte med FK 17.september.


Pkt 2: Når det gjeld innspelet om å søke miljødirektoratet om midlar til oppryddingstiltak i forureina grunn og sjøgrunn, så er dette alt tatt med i prosjektet. Administrasjonen hadde i sitt saksgrunnlag lagt til grunn at vi trulig ville få dekket dette ved opprydding av Slippen. Vi la til grunn at vi ville få dekket oppryddinga 100%. I kostnadsforslaget ligg det inne «Prosjektmidlar frå Miljødirektoratet» på kr. 2.200.000,-. Vi la dette inn som ein føresetnad, sjølv om det ikkje er sikkert at vi ville få dette kompensert. Vi vil ikkje kunne rekne med å få noko meir tilskot, da den øvrige miljøoppryddinga alt låg inne i forskotteringa frå departementet i summen på kr 108.500.000,-

Er noko fortsatt uklart, ta kontakt.

Helsing

Trond Arne Aglen
kommunedirektør
Administrativ leiing

Tlf. 70081300 Mob. 93267684



www.heroy.kommune.no

Fra: Carl-Henrik Myrseth Moltumyr <moltumyr.ch@gmail.com>

Sendt: 3. september 2020 19:47

Til: Bjørn-Halvor Prytz <bjorn-halvor.prytz@heroy.kommune.no>; Trond Arne Aglen <trond.arne.aglen@heroy.kommune.no>; post@heroy.kommune.no; redaksjon@vestlandsnytt.no; Bjørnar Torvholm Sævik <bjornar@vestlandsnytt.no>; arne.flatin@nrk.no; karl-oskar.saevik@fpu.no; christian@gollenes.no

Emne: Vedrørende kommunestyre sak om forskottering av deponi i indre hamn.

Til Ordfører og Kommunedirektør,

Herøy Høgre ber Herøy Kommune halde tilbake kommunestyre vedtak i ovennevnte sak, då Herøy Høgre har vore i kontakt med sentrale myndigheiter og bedt om at fyljande blir sjekka ut.

1. Delfinansiering av kapitalkostnader, Møre og Romsdal fylke jamfør sak Deponi – Giske Kommune.
2. Søke miljødirektoratet om midlar til oppryddingstiltak i forureina grunn og sjøgrunn

Herøy Høgre vil påpeike at det ikkje var godt nok grunnlag til å gjere vedtak. Vi ser at her kan vi minimere den økonomiske risikoen til Herøy Kommune, og dette må vi få avklart snarast råd.

Ser fram til å høyre frå dykk!

Mvh
Tine Storøy
Gruppeleiar
Herøy Høgre

Carl-Henrik Myrseth Moltumyr
Ungdomsrepresentant
Herøy Høgre